

Nasjonale bibliotekdagar

Tips og triks

2023



**NASJONALE
BIBLIOTEKDAGER**
28/8 - 3/9

Innhald

Kva er Nasjonale bibliotekdagar?	3
Kvifor Nasjonale bibliotekdagar?	4
Nasjonale bibliotekdagar i regionlaget	5
Tilnærmingar og tiltak	6
Kva er eit bibliotek?	7
Politikk – bibliotek og valkamp	8
Lesing og leselyst	9
Andre tiltak	10
Kva kan Norsk bibliotekforening Møre og Romsdal gjere?	11
Meld inn dine tiltak og aktivitetar	12

Kva er Nasjonale bibliotekdagar?

Nasjonal bibliotekdag vart arrangert for første gong i 2015. Dagen skulle synleggjere biblioteka for dei som tar avgjersler i ulike deler av samfunnet – og for folk flest. Dagen har tidlegare vore markert 1. september.

I 2023 blir det mogleg å markere og synleggjere biblioteka ei heil veke, frå 28. august til 3. september.

I år er det kommune- og fylkestingsval, og samstundes er arbeidet med leselyststrategien i gong. Både er saker som er viktige for biblioteka. I år er difor politikk og lesekultur tema for Nasjonale bibliotekdagar. Det er også mogleg å markere dagen slik at det passar tilhøva i eige lokalmiljø.

Kvifor Nasjonale bibliotekdagar?

Biblioteka er ein av dei viktigaste institusjonane i demokratiet vårt. Dette veit vi som jobbar i og med bibliotek.

Vi kjenner alle fordelane med bibliotek – moglegheitene og potensiala. Spørsmålet er, veit alle andre dette også?

Veit naboen som ikkje har vore innom biblioteket sidan 1992 kva biblioteka gjer og korleis dei utviklar samfunnet kring seg? Veit politikaren det, som har velfylte bokhyller heime?

Viss dei ikkje veit det, kan kanskje Nasjonale bibliotekdagar vere eit høve til å vise at biblioteka er viktige.

Bli med!



Nasjonale bibliotekdagar i regionlaget

Blant måla i handlingsplanen til Norsk bibliotekforening Møre og Romsdal, står det at vi



skal gjere biblioteka synlege ved å arbeide aktivt med nasjonale bibliotekdagar.

Med bakgrunn i målet – men også ei erkjenning av at dagen og no dagane, kjem brått etter sommaren – har vi arbeidd aktivt for å forankre Nasjonale bibliotekdagar blant medlemmar og bibliotek i fylket. Dette dokumentet er eit ledd i dette arbeidet. Vi er framleis i oppstarten, men vonar røynslene frå i år kan fungere som modell vidare – kanskje også for andre.

I januar gjennomførte vi workshop for å kartlegge og samle innspel til korleis markere Nasjonal bibliotekdag i Møre og Romsdal. Og i juni fulgte vi opp dagen med kick-off. Både dagane resulterte i gode idear og diskusjonar om korleis vi og biblioteka kan markere Nasjonale bibliotekdagar i Møre og Romsdal.

Det var under workshopen at forslaget om å markere meir enn éin dag kom til. Vegen frå Nasjonal bibliotekdag til Nasjonale bibliotekdagar byrja såleis i Møre og Romsdal. Det er vi stolte av.

I det følgande har vi forsøkt samanfatte nokre av funna vi har gjort gjennom aktiviteten vi hittil har gjennomført. Listene er ikkje uttømmende, men vi vonar det set nokre tankar i sving.

Lukke til!

Tilnærmingar og tiltak

Både under workshop og kick-off kom forslag til mange tilnærmingar og for å synleggjere biblioteka under Nasjonale bibliotekdagar. Les vidare for forslag og oversikt over nokre av dei sentrale innspela vi har samla.



Kva er eit bibliotek?

Mange er kjent med bibliotek som ei samling bøker, men biblioteka er så mykje meir. Difor kan det å synleggjere mangfaldet i oppdraget til biblioteka og oppgåvene som der blir gjort, vere eit godt verktøy for auka synleggjering.

For eksempel kan ein leggje vekt på at biblioteka

- er inkluderande møtestader og ope for alle
- er meiningsberarar og -formidlarar
- er ein trygg stad å vere
- rommar litteratur og kultur
- tilbyr gratis tenester
- gir tilgang til digitalt innhald
- har bøker for alle
- fremmar leseslyst
- samskapar med innbyggjarar
- gjer arbeid ein ikkje ser – hemmelege oppgåver og tenester
- er berekraftige og demokratiske
- er nøkkelen til gode liv
- gir mykje for få pengar

Politikk – bibliotek og valkamp

Politikarar er sentrale personar som fattar avgjersler som kan både utvide og avgrense handlingsrommet til biblioteka. Å synleggjere biblioteka for politikarar er såleis viktig og avgjerande for gode rammevilkår. Årets kommune- og fylkestingsval 11. september, er eit utmerkt høve til å utfordre politikarar til å satse på bibliotek.

Sjå også Norsk bibliotekforening sine [Tips til hvordan arrangere politisk debatt i biblioteket.](#)

Mellom anna kan biblioteka

- skrive om bibliotek og Nasjonale bibliotekdagar i lokalavisa – bruk annonseplassen til kommunen
- invitere politikarar til biblioteket
- utfordre ordførar og andre politikarar til å lese eller dele leseopplevingar
- arrangere debatt – om bibliotek eller andre politiske saker
- lage bildeserie med kommunal estetikk
- vise fram og formidle statistikk
- vise til at «så mykje får du for så lite»
- ta med politikarar på hyllevandring
- løfte biblioteka i politiske fora i kommunen – be om å få orientere i utval eller kommunestyre etter valet

Lesing og leselyst

Å skape ein kultur for lesing er kjernen i verksemda til biblioteka. Regjeringa arbeider no med ein strategi for leselyst, og alle bibliotek kan bidra til å synleggjere det viktige arbeidet dei gjer for å skape leselyst. Biblioteka følger folk gjennom heile livet – og lesing er viktig uavhengig av livsfase.

[Sjå også tiltak for å fremje lesing på \[norskbibliotekforening.no\]\(https://norskbibliotekforening.no\).](https://norskbibliotekforening.no)

Biblioteka kan for eksempel

- få elevar eller andre til å dele leseopplevingar
- bruke lokale forfattarar
- lage rebus i biblioteket
- lese høgt eller invitere til lesestund/Shared Reading
- lage inspirasjonskveld om lesing
- trekke fram forskning om lesing og leselyst, sjå for eksempel [Lesesenteret ved Universitet i Stavanger](#)
- gjere noko digitalt parallelt med det fysiske
- arrangere lese- eller litteraturfestival
- samarbeide med skolebibliotek – fyll på med bøker og tilby bokkasser
- bruke humor i formidlinga
- gjere stunt – stuntlesing i butikken
- invitere til «natt på biblioteket» med høgtlesing og kveldsmat

Andre tiltak

Biblioteka står fritt til å forme Nasjonale bibliotekdagar slik dei sjølv vil. Kanskje er det lokale tema som er aktuelle, eller spesielle omsyn ein må ta. Det er også mogleg å markere meir generelt.

Biblioteka kan i så fall også

- dele ut blomar til alle som kjem innom
- lage blind date med bok
- formidle om dagane og biblioteket i skolen
- lage enkel kampanje – «visse du at...»
- involvere skolen i leseprosjekt – rebusløp, diktskriving, lesekonkurranse for ungdom mm.
- ha purreamneste eller fjerne purregebyret for godt

Kva kan Norsk bibliotekforening Møre og Romsdal gjere?

Mange av innspela vi har skissert kan ein gjennomføre i det enkelte bibliotek. Regionlaget skal også gjere ein innsats for å gjere biblioteka synlege i heile fylket. I år vil vi prøve oss fram for å leggje eit godt grunnlag for åra som kjem.

Mellom anna vil vi i 2023

- samle inn oversikt over aktivitet under Nasjonale bibliotekdagar i Møre og Romsdal
- halde fram og forbetre kick-off i god tid før Nasjonale bibliotekdagar der vi mellom anna legg til rette for idémyldring
- skrive lesarinnlegg vi sender til alle lokal- og regionaviser i fylket
- stille oss til rådevelde til å delta under arrangement og debattar i biblioteka
- delta i nasjonal ressursgruppe for Nasjonale bibliotekdagar

Meld inn dine tiltak og aktiviteter

Vi vil gjerne vite nett kva ditt bibliotek har planlagt til Nasjonale bibliotekdagar i år. Send oss dine tiltak og aktiviteter – både suksessar frå tidlegare år eller idear til markeringa i år.

Registrer tiltak og aktiviteter i skjemaet du finn via knappen under eller [gå direkte til skjemaet via lenka.](#)

Meld inn tiltak